



## Økonomi

Senterpartiet vil føre ein ansvarleg økonomisk politikk i fylket, men vi vil aldri sjå på fylkeskommunen som eit «AS Møre og Romsdal» og legge til grunn at økonomisk overskott er det viktigaste målet. Vi vil bort frå ei marknadsstyrt offentleg forvaltning og tilbake til ei tillitsbasert forvaltning.

Møre og Romsdal fylkeskommune er sterkt underfinansiert frå staten i forhold til oppgåvene vi skal løyse, særleg innanfor samferdsel. Senterpartiet vil arbeide for å endre inntektssystemet for fylkeskommunen og styrke økonomien både til kommunane og fylkeskommunane, slik vi har gjort i våre alternative statsbudsjett. Vi vil arbeide for samme statlege medfinansiering av veg som av jarnbane.

Senterpartiet vil redusere kostnader til administrasjon og politikk, til prosjekt og konsulentverksemd. Vi vil arbeide for innovative og rimelegare løysingar på investeringsprosjekt. Vi vil prøve å oppretthalde driftsnivået til tenester og oppgåver som direkte vedkjem innbyggjarane, slik som t.d. skule og tannhelse.

Satsing på utdanning, kompetansebygging og offentlege og private arbeidsplassar i heile fylket vil vere vår prioritering i neste periode.

## Kunnskap

Utdanning og kompetansebygging i heile fylket skal vere eit satsingsområde i neste periode.

Vidaregåande skular, høgskular, universitetsavdelingar og forskingsinstitusjonar er av dei viktigaste bidraga det offentlege har til å vere regional utviklingsaktør.

### Vi vil:

- Utvikle campus-konseptet som felles arena for vidaregåande opplæring, høgskule- og universitetstilbod, forskingsmiljø og næringsliv fleire stader i fylket, der det ligg til rette for det. Campus Kristiansund og Campus Volda er eksempel, men det gjeld og andre miljø
- Oppretthalde og utvikle distriktsskulane i fylket og legge mindre vekt på at elevane sitt førsteval skal vere viktigaste kriterium for dimensjonering av tilboda
- I denne økonomiplanperioden vil vi prioritere Gjermundnes vidaregåande skule med bygging av nytt fjøs og opprusting av internatbygget, nytt undervisningsbygg på Harøysundet for Havbruk og Aqua (naturbruk blå line) og oppstart Ørsta vidaregåande skule i samarbeid med kommunen
- Spjelkavik Arena vil vi realisere i samarbeid med næringsliv og Ålesund kommune
- Flytting av fagskulen i Kristiansund til Campus Kristiansund



- Prioritere vedlikehold/ombygging av Tingvoll, Stranda, Sykkylven, Kristiansund og Atlanten vgs, TPO-base ved Volda vgs og vurdere spleiselag eller forskottering av Herøy vgs
- At dei vidaregåande skulane og fagskulane skal behalde sine driftsmidlar
- Ha eiga leing på alle skular
- At elevgruppene ikkje blir for store og at undervisninga blir meir praktisk retta, spesielt på yrkesfag
- At utstyrsparken ved skulene blir fornya i forhold til behovet, spesielt på yrkesfaglege studieretningar
- Elevane i fylket må ha tilgang til bibliotek i skuletida, enten på skulen eller ved avtalefesta samarbeid med folkebibliotek
- At det blir stilt krav om lære plassar ved store offentleg innkjøp av tenester
- At elevar som ikkje får tilbod om lære plass, må få tilbod om eit 2-årig løp i tett samarbeid med ei bedrift
- Auke lærlingtilskottet til bedrifter for å gjere det lettare å ta inn lærlingar
- Legge til rette for kompetanseheving av det pedagogiske personalet ved hjelp av etter- og vidareutdanning
- Ha ein god seniorpolitikk for å få flest mogleg lærarar til å stå lenger i jobben
- Å oppretthalde talet på elevplassar slik at vaksne sin rett til vidaregåande opplæring blir styrkt når kulla med elevar med ungdomsrett blir redusert
- I tillegg til dei ordinære plassane må vi gje rett til vidaregåande opplæring for innvandrarar over 25 år ved fleire skular
- At skulebøker og digitalt skulemateriell skal finnast på både bokmål og nynorsk samtidig
- At elevar som har behov for det skal få tettare oppfølging av pedagogar, helsesøster, miljøarbeidarar
- At det skal vere fleksible modellar i opplæringa (vekslingsmodellen, praksisbrev og særskild løp) som raskt kan etablerast ved behov, i nært samarbeid med næringslivet



- At elevar som har behov for tilrettelagt opplæring skal få tilbod om «NAV-veileder» ved alle dei vidaregåande skulane i Møre og Romsdal. Målet er at flest mogleg av elevane skal fullføre vidaregåande skule
- Legge til rette for innovasjon og entrepenørskap i heile den vidaregåande opplæringa
- At vidaregåande skular kan tilby utvekslingsstudium i andre land
- Styrke studentane sin økonomiske situasjon gjennom rabattordningar på fylkeskommunale tilbod
- Styrke fagskulane ved å arbeide for auka finanisering og opprette nye studieplassar og tilbod i tett dialog med næringslivet
- Styrke dei eksisterande forskingsmiljøa og høgskulane i fylket gjennom fylkeskommunale «basisløyvingar». Forsking og innovasjon må bli ein del av det daglege utviklingsarbeidet i næringslivet og offentleg sektor

## Kultur

Deltaking i kulturaktivitet gjev kvar enkelt opplevingar slik at ein utviklar seg som menneske og samfunnsdeltakar. For Senterpartiet er det viktig å styrke og utvikle kulturtilbod der folk bur, uavhengig om det er i distrikta eller i byane.

### Vi vil:

- Styrke biblioteka og musea som møteplassar og kulturformidlarar i lokalsamfunna
- Utvikle kulturskulane gjennom eit samarbeid med dei offentlege og profesjonelle kulturinstitusjonane
- Arbeide for oppstart av opera- og kulturhus med bibliotek, kulturskule og museum i Kristiansund
- Gje støtte til små lokale kulturbygg
- Oppretthalde kulturrabatt for ungdom
- Arbeide for betre økonomiske ordningar for ivaretaking av verna bygg
- Arbeide for at Staten må ta ein vesentleg del av kostnaden ved arkeologiske utgravingar
- Arbeide vidare med å utvikle kulturnæringar – særleg med utgangspunkt i den immaterielle kulturarven som matkultur, folkemusikk og folkedans



- Oppretthalde og utvikle bokbåten EPOS
- Arbeide for fleire stoppestader i fylket for kystpilegrimsleia
- Sikre ei balansert fordeling mellom store anlegg og nærmiljøanlegg og friluftstiltak i tildelinga av spelemidlar
- Arbeide for å få nasjonale kultur- og idrettsarrangement til Møre og Romsdal
- Styrke Jugendstilsenteret som nasjonal kulturhistorisk arena
- Bevisstgjere om og arbeide for å styrke Kristiansund som gjenreisingsbyen

## Helse og velferd

SP meiner fylkeskommunen og kommunane må legge til rette gjennom ei brei satsing på folkehelsearbeidet. Fylkeskommunen må også engasjere seg tyngre for å sikre ei betre finansiering og ny organisering av spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta i Møre og Romsdal.

### Vi vil:

- Ha nærleik og kvalitet i helsetenestene. Det viktigaste verkemiddelet er økonomien til kommunane. Senterpartiet vil styrke kommuneøkonomien i både store og små kommunar.
- Bygge opp dei 5 kompetanseklinikkane for tannhelsetenesta, og ha eit offentleg tannhelsetilbod i alle kommunar
- Arbeide for at tannhelsetenesta skal komme inn under folketrygda
- Arbeide for at det blir oppretta utstyrssentralar for born og unge for å stimulere til deltaking og aktivitet
- Innføre ein time fysisk aktivitet dagleg i skulane
- Senterpartiet vil avvikle helseføretaksmodellen. Vi kan ikkje styre sjukehus som AS. Vi vil ha rammefinansiering og ikkje stykkprisfinansiering og usunn konkurranse mellom sjukehusa. Vi vil skilje finansiering frå drift og sikre nødvendige investeringar – mellom anna av nytt sjukehus for Nordmøre og Romsdal - utan at det må gjennomførast usosiale innsparingar på førehand. Vi vil sikre betre finansiering av sjukehusa, dei desentraliserte rehabiliteringsinstitusjonane Mork og Aure , distriktpsikiatrisk senter på Sjøholt og kommunane for å etablere eit fagleg godt og trygt pasientforløp.
-



- Lokalsjukehusa skal ha breiddekompetanse innan akuttkirurgi, akuttmedisin, anestesi, røntgen og laboratorietenester og fødetilbod. Vi vil ha ei tydeleg oppgåvefordeling mellom sjukehusa for å styrke pasientbehandlinga og sikre stabilitet for det enkelte sjukehus
- At det skal vere tre sjukehus i Møre og Romsdal. Ålesund sjukehus med fylkesdekkjande ansvar, Volda sjukehus skal oppretthaldast med fulle akutfunksjonar og nye Nordmøre og Romsdal sjukehus skal ha alle lokalsjukehusfunksjonar og føde- og barneavdeling, og med avdelingssjukehus i Kristiansund med akuttberedskap, polikliniske funksjonar og eiga leining. SP godtek ikkje samanslåing av fødeavdelingar i Nordmøre og Romsdal før nytt sjukehus er på plass
- Styrke ambulansenesta og andre desentrale helsetenester, særleg for dei som har størst avstand til sjukehusa

## Næringsliv

Senterpartiet vil ta vare på dei næringane vi har og er dyktige på i fylket, og legge til rette for nye næringar og arbeidsplassar som vi har store føresetnader for i framtida.

Senterpartiet i Møre og Romsdal vil:

- Auke matproduksjonen over heile fylket , målet er auka nasjonal sjølvforsyning basert på norske ressursar
- Arbeide for at inntektene i landbruket kjem opp på same nivå som andre yrkesgrupper. Særleg vil vi sikre mellomstore og små bruk
- Gje dispensasjon for nydyrking av myr når ein nyttar metodar som gjev lite verknad på klimagassutslepp
- Vidareutvikle lokalmatprogrammet for å tilby kortreist mat og spesialitetar med lokal identitet og bruke matnæringane i større grad i opplæringsarbeidet i skulen
- Arbeide for at det skal etablerast beredskapslager med korn gjennom styrka gardslagring og regional silokapasitet
- Redusere bestandsmåla for jerv og gaupe og sørge for raskt og effektivt uttak av skadedyr og full erstatning for tap på grunn av rovdyr. Streifdyr av bjørn og ulv må takast ut raskt, også på vårsnø



- Styrke kapitaltilgang og verkemiddel gjennom Innovasjon Norge og gjennom å etablere fondsordningar. Prioritere investeringsverkemiddel i landbruket slik at vi opprettheld sysselsetting og produksjon
- Fremje lokal vidareforedling av råvarene frå jord, skog, havbruk og fiske. Utnytte biologiske ressursar frå havet til medisinar, mat, fôr, kosmetikk
- Satse meir på rekruttering, likestilling og kompetanse, innovasjon og forskning i all næringsverksemd
- Arbeide for å styrke rammevilkåra for den maritime næringa gjennom forskning, rekruttering og internasjonalisering
- Fiskeressursane i Noreg skal framleis eigast av det norske folk i fellesskap
- Skjerpe miljøkrava til taretråling, men satse på tare dyrking og utnytting av marine ressursar til nye produkt
- Påverke sentrale styresmakter for å redusere kostnadane for sjøtransportnæringa og sikre ei konkurransedyktig nettolønnsordning for norske sjøfolk.
- Rekrutteringskvoter for ungdom i fiskerinæringa
- Arbeide for å få ein større del av sjømat-eksporten over på sjøtransport
- Målet for SP er å innføre ei arealavgift på havbruk som i sin heilskap skal gå til kommunane der anlegga ligg
- Auke dei kommunale næringsfonda (RNF-ordninga) dersom fylket får auka regionale utviklingsmidlar
- Arbeide for stabile rammevilkår for næringslivet. Sikre redusert arbeidsgjevaravgift i minst same omfang som i dag
- Gje små og mellomstore bedrifter betre vilkår og enklare rapportering for å bidra til nye arbeidsplassar i små og store lokalsamfunn
- Styrke og utvikle fagmiljøa rundt dei små og mellomstore bedriftene gjennom auka satsing på praktisk forskning
- Innovasjon Norge skal oppretthalde kontor i alle dei tre største byane
- Satse på det natur- og kulturbaserte reiselivet i Møre og Romsdal



- At petroleumsnæringa i Møre og Romsdal skal være verdsløiande på miljøteknologi. Oljeinntektene må i større grad brukast til forskning og omstilling til fornybar energi og til nye og meir berekraftige næringar
- Skape moderne og effektive offentlege tenester gjennom digitalisering
- Stanse veksten i statlege arbeidsplassar/direktorat og leggje vekt på å desentralisere statlege kompetansesarbeidsplassar og flytte oppgåver frå stat til fylke
- Fylkeskommunen må bruke si makt som stor offentlig innkjøpar til å skape innovasjon og vekst i næringslivet i fylket. Fair trade prinsippet må leggest til grunn

## Arbeidsliv

Senterpartiet vil bidra til å bevare og utvikle den norske arbeidslivsmodellen. Svekking av arbeidsmiljølova, framvekst av bemanningsselskap og uregulert arbeidsinnvandring frå EØS har auka presset på lønns- og arbeidsvilkåra. Senterpartiet krev norske lønns- og arbeidsvilkår på alle norske arbeidsplassar. Senterpartiet krev norske lønns- og arbeidsvilkår i all sjøtransport.

Senterpartiet vil føre ein politikk der vi først og fremst sørger for at arbeidstakarar i Norge løyser oppgåvene. Vi vil bruke reservasjonsretten og reversere dei verste konsekvensane av fri flyt av arbeidskraft.

### Vi vil:

- Intensivere arbeidet mot arbeidslivskriminalitet
- At alle arbeidstakarar skal kunne vere omfatta av ein landsomfattande tariffavtale
- Europeiske pendlarar skal følge norske tariffavtalar. Lønn skal utbetalast til norsk lønnskonto som kan kontrollerast
- Vi støttar kampen til Fellesforbundet/LO for å oppretthalde anstendig ute-tillegg, reise-, kost -og losjireglar, også for alle tilreisande arbeidarar
- Alle heiltidsjobbar skal gje ei anstendig inntekt og vi støttar kampanjane for ein heiltidskultur i arbeidslivet
- Vi støttar ikkje utkontraktering («outsourcing») og privatisering av offentlege tenester utan etter grundige vurderingar og drøftingar der vi ser at dette er til fordel for lokal verdiskaping og ikkje går ut over lønns- og arbeidsvilkår
- Vi vil ha strenge reglar for kabotasjekjøring (godstransport med utanlandske køyrety, regulert gjennom EØS-avtalen) og meir kontroll, slik at vi unngår ulykker og kaos på grunn av dårlege køyrety og at vi unngår undergraving av den norske transportbransjen. Senterpartiet krev kontroll av alle utanlandske vogntog ved grensepassering



- Styrke trepartssamarbeidet lokalt gjennom å involvere kretsmeklaren i større grad i lokale tvistar mellom partane i arbeidslivet.
- Vi vil følge opp våre standpunkt i fylkeskommunale anbod og kontraktar

## **Integrering og likestilling**

Senterpartiet meiner likestilling og likeverd er viktig for at alle skal ha eit verdig liv, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet, livssyn, seksuell legning, kulturell og språkleg bakgrunn. Senterpartiet er positiv til auka busetting av flyktningar i vårt fylke og at fylkeskommunen får større ansvar for integreringstiltak.

### **Vi vil:**

- Ha lik lønn for arbeid av lik verdi
- Arbeide for eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv
- Arbeide for betre integrering av innvandrarakar
- At fleire bør få tilbod om utdanning og fagopplæring, eksempelvis gjennom vekslingsmodellar med forsterka norskopplæring
- At fylkeskommunen får ansvar for alle unge i aldersgruppa 16–24 år, uavhengig av elevstatus eller manglande føresetnader (t.d. i norsk) for å gjennomføre vidaregåande opplæring. Dette vil også styrke dei vidaregåande skulane som utviklingsaktørar i sine lokalsamfunn og bidra til vekst i folketal og kvalifisert arbeidskraft til næringslivet.
- At introduksjonsprogrammet blir til eit treårig løp, der det siste året skal vekselvis vere på skule og i bedrift, og vere obligatorisk for familiesameinte
- Auke norskundervisninga for asylsøkarar til 250 timar

## **Klima og miljø**

Senterpartiet vil ta vare på naturressursane, det biologiske mangfaldet og ulike naturtypar gjennom berekraftig bruk. Vi vil arbeide for at fylket skal ta sin del av ansvaret for klimautfordringane i verda.

### **Vi vil:**

- Satse meir på fornybar energi, som bioenergi, hydrogen, solenergi, vindkraft, vasskraft og havenergi.





- Oppgradere eksisterande kraftverk og fornye nettet
- Sikre heimfallsretten til norsk fossekraft og arbeide for at ein rettmessig del av verdiskapinga kjem lokalsamfunnet til gode
- Opne for utbygging av småkraft i verna vassdrag når det ikkje er i strid med verneformålet og er under norsk eigarskap og kontroll
- Støtte forskning på fornybar energi frå hav og skog
- Arbeide for at fylkeskommunale bygg skal koplast til eksisterande anlegg for fornybar energi
- Innføre null- og lågutsleppsløysingar for ferjer, hurtigbåtar, cruisetrafikk og bussar
- Sikre fiskeressursane i vanskelege spørsmål om oljeutvinning – seie nei til oljeboring ved Møreblokkene
- Ha eit sterkt vern av dyrka jord. Nedbygging av dyrkajord skal ikkje tillatast utan kompensasjon i form av nydyrking og sikring av tilsvarande matproduksjonsareal
- Betre kontroll med fiskehelse og -velferd, rømming og lakselus. Miljøpåverknad må ligge til grunn for ein eventuell produksjonsauke innan havbruk
- Intensivere arbeidet med landbaserte oppdrettsanlegg
- Villaksen treng sterkare vern, og må særleg takast omsyn til i samband med vassdragsregulering og havbruk
- Sikre grønne lunger, rekreasjonsområde og hageareal for matproduksjon i og i nærleiken av byane våre («urban farming»)
- Senterpartiet seier nei til deponi for farleg avfall på Raudsand
- Vil ha forbod mot bruk av glyfosat som sprøytemiddel i vegskråningar langs fylkesvegar
- Arbeide for å redusere bruken av eingongsplast i all offentleg verksemd ved å stille krav til leverandørar av varer og tenester, sikre gode returordningar for plast i jordbruket, få på plass betre ordningar for tømning av avfall frå fiskefartøy slik at plast og søppel ikkje blir kasta på sjøen
- Auka utnytting av trevirke og nyplanting for å sikre arbeidet med å oppfylle internasjonale klimakrav
- Aktiv påverknad for større løyvingar til skred- og flaumførebygging



## Kommunikasjon

Senterpartiet vil i denne perioden prioritere vedlikehald, gang- og sykkelvegar, trygg skuleveg og andre trafikktryggingstiltak, kollektivtilbod og oppretthalde ferje- og hurtigbåttilbodet vi har og styrke breibandutbygginga i fylket.

Når det gjeld investeringar i nye vegar, vil vi gå inn for gjennomføring av sjølvfinansierande prosjekt.

### Vi vil:

- At prosjekta i Møre og Romsdal i ferjefri og oppgradert E 39 blir gjennomført så snart som råd, og i samsvar med gjeldande NTP
- Halsafjordsambandet bør prioriterast som pilotprosjekt. Senterpartiet vil ha ei grundig utgreiing av Romsdalsaksen
- Arbeide for betre finansiering og organisering for å bygge nye fylkesvegar. Døme: 40 års bompengerperiode på ferjeavløysingsprosjekt; at eigne vegselskap kan få same rammevilkår som fylket for å bygge veg
- Utvide ordninga med spleiselag og forskottering frå kommunane
- Arbeide for å få større og langsiktige overføringar frå staten for å auke vedlikehald av fylkesvegane og betre finansiering av ferjedrifta
- Halde på prioriteringslista for store fylkeskommunale samferdselsprosjekt  
Todalsfjordprosjektet står først. Sjølvfinansierande prosjekt kan få klarsignal utanom prioriteringsliste
- Arbeide for nytt ferjesamband mellom Aure og Hitra
- Arbeide for at riksvegane i fylket blir prioritert (E 136, E 39, RV 70). Viktige fylkesvegar som FV 60, FV 61, FV 64 og FV 65 må anten få ekstra finansiering frå Staten eller så må dei omklassifiserast til riksvegar
- Ved eventuell innføring av autopass brikke må ein sørge for at belastninga på næringslivet ikkje blir for stor
- Arbeide for etablering av heilårsferje til Geiranger fram til rassikring er på plass
- Bussane følgjer krava til universell utforming, har heis for rullestol og plass til sykkel
- Innføre krav om alkoholås på bussar og drosjer og tungtrafikk

- Arbeide for at Ålesund, Molde og Kristiansund får vere med på den statlege belønningssordninga for kollektivtransport
- Utvikle FRAM Flexx som bestillingstransport for å få eit meir effektivt, fleksibelt og billegare kollektivtilbod. Dette vil samtidig styrke drosjenæringa i fylket
- Overføre ansvaret for pasienttransporten tilbake til fylket
- Få ned ventetida på skuletransporten, både til vidaregåande skule og høgskular/universitet. Det er særleg viktig med betre koordinering mellom buss og ferje
- Opprette fleire knutepunkt med ladestasjonar el, biogass og hydrogen for bilar, bussar og båtar
- Arbeide for å oppretthalde gods- og persontransporten på Raumabanen og stimulere til ny bruk av togstrekninga, t.d. reiseliv
- Senterpartiet krev at Statens Vegvesens trafikkstasjonar i fylket skal drivast som i dag
- Arbeide for gjennomføring av Stad Skipstunnel i samsvar med forslag i NTP, med byggestart i 2021
- Arbeide for ny terminal på Kvernberget flyplass
- Arbeide for å styrke helikopterbasen i Kristiansund
- Arbeide for at transportsektoren tek sin del av klimatiltaka ved å ta i bruk elektrisitet, biogass og hydrogen i transportsystemet vårt
- Arbeide for betre regulering og fordeling av trafikken i verdsarvområdet
- Arbeide for å endre subsidieringa av el-bilar/miljøbilar slik at bompengetakst og ferjetakst blir det same for el bil som for andre bilar
- Utnytte fylkeskommunen sin posisjon ved offentlege innkjøp til at næringslivet i fylket kan utvikle ny, smart teknologi
- Bidra med fylkeskommunale ressursar for å sikre breibanddekning og mobildekning i heile fylket
- Arbeide for redusert billettpris på FRAM for ungdom
- Arbeide for 2-3 nye Nasjonale Turistveggar i fylket

## Beredskap

Senterpartiet vil ha ei desentralisert organisering av politi, brannvesen, forsvar og redningstenester.

### Vi vil:

- Sikre lokale lensmannskontor som viktig bidrag til kriminalitetsforebyggende arbeid og beredskap.
- Støtte utviding av Hustad Fengsel og bygging av nytt fengsel på Digernesskiftet
- Arbeide for at HV-11 i åra som kjem fortsatt skal bestå som eige heimevernsdistrikt, og at basen skal ligge på Setnesmoen leir i Rauma
- Arbeide for barnehus i Kristiansund og sikre Tingretten på Søre Sunnmøre
- Arbeide for bygging av nytt tinghus i Molde eller eventuelt skaffe nye tilpassa lokale for domstolane i Molde
- Sikre alle i heile fylket eit godt og likeverdig ambulansetilbod
- Sikre kompetansemiljøet knytt til Åknes/Tafjord Beredskap IKS og NVE
- Arbeide for auka ferjebereidskap i område der det trengst, i samarbeid med andre etatar

## Kommunereform

Kommunen og fylkeskommunen er innbyggjarane sine reiskap for å utvikle og styre lokale og regionale tenestetilbod. Kommunereforma er den største sentraliserings- og privatiseringsreforma på 50 år, og vil svekke det lokale folkestyret.

### Vi vil:

- La kommunane få ro til å gjere sine eigne val og ha folkerøysting før eit eventuelt vedtak om endring av kommunegrenser
- Gå i mot tvangssamanslåing av kommunar
- At M&R skal bestå som eigen region
- Arbeide for å styrke kommune- og fylkeskommuneøkonomien
- Gjennomføre endringar som gjev mindre byråkratisering og større lokal fridom, ei tillitsbasert og lokalt forankra styringsreform